

HAMNELEIGEKONTRAKT

Med heimel i § 17 i "Lov av 6. juni 1975 nr. 31, om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsallmenningane", leiger Vågå fjellstyre bort tamreinbeite til Vågå Tamrein AS, og etter desse vilkåra:

1. Beiteområdet omfattar heile Langmorkje statsallmenning med unntak av dei områda som har barskog.
2. Dei områda av statsallmenningen som til vanleg blir beita med bufe, kan ikkje beitast med tamrein i tida frå og med 15. mai til og med 15. september. Sør for Griningsdalsvegen og sør/aust for Sjoa gjeld datoen i tida frå og med 20. juni til og med 15. september.
3. Hamneleiga følgjer prisen på reinskjøtt etter følgjande forhold:
For den reinen som laget har i produksjonsflokk, dvs. talet på rein etter vinterslaktinga, skal leiga utreknast slik: kr. 1,35 pr. dyr og år gange heilvektsprisen pr. kg kjøtt levert slakteplass (eller leveringsplass for levande transport), rekna etter gjennomsnittspris for siste års slakting.
Leigeprisen gjeld i tre år frå 01.01.2014 til 31.12.2016. Kvart tredje år, fyrste gong med verknad frå 01.01.2017, har partane rett til å forhandle om ny pris.
Leigesummen for kvart år skal ukravd betalast med kr. 150.000,- innan 1. oktober, og det resterande innan 15. februar året etter.
Fjellstyret skal for kvart år ha tilsendt årsmelding og rekneskap til Vågå Tamrein AS.
4. Ved teljing, merking og slakting av rein tek fjellstyret atterhald om rett til å vera representert med ein person for kontroll. Fjellstyret v/fjelloppsynet skal bli varsla i god tid før slikt arbeid skal utførast.
5. All skade som oppstår både i og utanfor beiteområdet i samband med tamrein er Vågå Tamrein AS sitt ansvar. Vågå Tamrein AS pliktar å påleggje gjetarane til å vera påpasselege i arbeidet sitt, slik at dei som har seterkve/dyrkingsparsel, dei som nyttar seterbeite eller andre driftsmåtar i fjellet, ikkje blir påførde skader eller ulemper av tamreinen.
6. Tamreinlaget skal ha rett til å reise flyttbare anlegg for merking av kalv og anna arbeid på dei stadene innan området der dette er nødvendig. For reising av hus og andre meir varige anlegg, vegbygging og liknande må tamreinlaget ha løyve frå Statskog SF.
7. Vågå Tamrein AS pliktar til kvar tid å halde ettersyn med reinstrøer og gjerde i det leigde området, slik at desse blir godt vedlikehalde og ikkje blir til fare eller hindring for bufe og annan ferdsel. Det skal til kvar tid vera reint og ryddig ved hytter, reinstrøer og slakteplassar.
8. Dei fast tilsette gjetarane i tamreinlaget skal ha rett til å nytte snøscooter under sitt arbeid med reinen. Dersom det utover dei fast tilsette er behov for å leige ekstra mannskap med snøscooter eller anna motorisert framkomstmiddel, skal fjellstyret v/fjelloppsynet varslast i kvart enkelt tilfelle.
For nødvendige installasjonar og anlegg, samt kjøring i Jotunheimen nasjonalpark må det innhentast særskild løyve frå forvaltningsstyresmakta for nasjonalparken.

9. Vågå Tamrein AS kan ikkje drive framleige av beite. Dersom fjellstyret ønskjer å leige ut beite for tamrein til andre, skal Vågå Tamrein AS ha rett til uttale.
10. Denne kontrakten gjeld i 10 år frå 1. januar 2014 og avløyser kontrakten av 1. januar 2004. Vågå Tamrein AS kan i leigetida seie opp denne kontrakten med eitt års varsel. Fjellstyret og Vågå Tamrein AS har rett til å ta opp forhandlingar om endring av punkt i kontrakten i løpet av avtaleperioden.
11. Dersom Vågå Tamrein AS av ein eller annan grunn går til avvikling, eller vil avhende faste installasjonar som t.d. hytter, skal fjellstyret ha fyrsteretten til ei eventuell overtaking av desse etter takst.
12. I tilfelle misleghald av, eller tvist om forståinga og tolkinga av kontrakten, skal tvisten avgjerast av ei nemnd på tre personar der kvar av partane oppnemner ein representant, og sorenskrivaren i Nord-Gudbrandsdal er leder.

Vågåmo, den 3.6.14


For Vågå fjellstyre


For Vågå Tamrein AS